

# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2013 45. årg.



Nytt julespel på Lye

side 11



Julekonsertar

side 14-15



Ung eldsjel

side 6



Julemusikal på Bryne

side 4

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77  
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00  
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne  
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no  
telefaks tlf. 51 77 03 60  
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048  
Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847  
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 970 99 661  
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18  
Sekretær Bryne sokneråd:  
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64  
Sekretær Time sokneråd:  
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Undheim sokneråd:  
Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157  
Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77  
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76  
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69  
Konsulent: Tor Aase tlf. 51 77 03 63  
Trusopplærer: Tove Hersdal tlf. 51 77 03 72

**Time**  
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178  
Kyrkjeterar: Alf Einar Weseth tlf. 996 19 121  
Soknerådsleiar: Karin Lima Fristad tlf. 900 21 635  
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128  
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**  
Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>  
Kyrkjeterar: Alf Einar Weseth tlf. 996 19 121  
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708  
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176  
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623  
Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 77  
Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

**Lye forsamlingshus**  
Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>  
Leiar forsamlingsstyret: Arne Hegghem tlf. 900 34 326  
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050  
Ungd.arbeid. Lye: Mariann Espeland tlf. 915 91 223

**Undheim**  
Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>  
Sokneprest: Per Børge Hillestad tlf. 934 42 919  
Kyrkjeterar: Hans Undheim tlf. 900 37 560  
Soknerådsleiar:  
Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07  
Undheim kapell tlf. 51 48 68 20

Besök vår nettsida:  
**www.time-kyrkja.no**  
E-post sokneråda:  
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no  
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no  
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: Aktørar til julespelet "Like til Betlehem"; Helene Mjølsnes, Tor Bjarte Aase og Sunniva Mjølsnes. Foto: Knut Aalgaard

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrklege fellesråd.  
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrklege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.  
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@lyse.net](mailto:helgedagen@lyse.net) og må vera oss i hende innan 16. januar.

Neste nr. kjem ut ca. 6. februar 2014.



## Til ettertanke

### Biskopens julehilsen

Erling J. Pettersen

Vi hadde planlagt skolens julegudstjeneste med god hjelp av sjetteklassingene. Teksten som de hadde fått som forbere-delse, var Erik Hillestads salme:

«*Stille natt, hellige natt  
barnet er vår største skatt  
Hyrder vekkes av gåtefull klang  
Natten fylles av englenes sang  
Kristus, vår Frelser er født.*»

Sammen hadde vi delt juleevangeliet kjente ord om Han som kom til vår jord, delte våre kår, ble menneske som oss, sårbart, redd, med håp og drømmer. Som gikk den tunge veien som voksen til korset, der han delte sin kjærlighet med oss. Det som gjorde sterkest inntrykk på elevene, var en tekst som var skrevet av Bjarne, som selv hadde Downs syndrom. Jeg hadde lånt teksten av en prestekollega som hadde fått hjelp av Bjarne til sin egen julepreken. Bjarne skrev: «Kjærligheten er Gud sin makt. Jesus døde på korset. Han tar til seg det gode og setter strek over det onde. Jesus Kristus hang på korset for at vi ikke bare skulle være en feiltakelse.» Og så avslutter Bjarne slik: «Vi lever i håpet, vi som tror på Gud. Vi mennesker må ha håp, kjærlighet og varme følelser. Det får vi i kirken.»

Mitt ønske for alle som søker kirkens hellige rom i advents- og julehøytiden, på gudstjenester og konserter, er at dere kan få dele Bjarnes erfaring av håpet og kjærligheten som er julens innerste budskap.

Velsignet jul!

Erling J. Pettersen  
Biskop Stavanger



## Min Salme

Ane Søyland, Bryne, er 25 år og for tida musikklærar ved Bore barneskule. Nyleg har ho avslutta studium i Bergen og Oslo. Det starta på Time kulturskule, og gjennom åra har ho gledd mange med song her i bygda. I Time kyrkje har ho ofte sunge på gudsteneste julaftan. Slik vert det også i år. Ho skal synga i lag med venninna si, Signe Irene Stangborli Time. "Det har vore veldig meiningsfullt for oss å synga tradisjonelle og nye songar i nytt format. Det har blitt ein tradisjon for oss begge og familiane våre," seier Ane. Ho er alt i julestemning ved å øva inn julemusical med elevar på Bore skule.

Ane Søyland

Eg har hatt som tradisjon å synga "I en natt" av Bjørn Eidsvåg i Time kyrkje julaftan. Grunnen til at eg har lagt min elsk på denne songen, er at teksten er så forteljande i seg sjølv. Mor har alltid vore begeistra for denne songen, og eg har derfor også alltid hatt eit ønske om å synga akkurat denne. Me lytta ofte til "I en natt så klar og kald" rundt juletider heime, og eg hadde lært den utanåt lenge før eg byrja synga i kyrkja. Med åra har den vorte eit fast nummer når eg, saman med Signe Irene, syng i Time kyrkje julaftan. Me har prøvd å laga litt nye variantar og vriar, men ikkje meir enn at lyttarane kan gjenkjenna songen.

"I en natt" passar like godt for voksne lyttarar som unge. Den har ein flott melodi og stabil ro i arrangementet. Det er ikkje melodien eller tonespranga som er det viktige, men teksten. Eg føler på at eg formidlar juleevangeliet - i korte trekk - ved å synga ein julesong.

Me set stor pris på å få delta på julaftansgudstenesta som er klokka 17.00. Under desse gudstenestene er det ei spesiell ro i kyrkja. Dei som kjem, ynskjer å høyrta fine, tradisjonelle julesongar. Det er ofte eit eldre og lyttande publikum. Nå har eg ikkje teljing på kor mange år me har fått lov å synga her, men som sagt før har det blitt så pass mange gonger at det for meg er tradisjon.

Det er stor stas når Oddny sender melding eller e-mail og spør om me stiller i år også. Så er det spesielt kjekt å få tid før jul saman med Signe Irene, ettersom eg har vore borte store deler av året. Signe Irene er ein erfaren og talentfull songar, derfor er det veldig trygt og godt å synga i lag med henne.

For meg har det ikkje bare vore viktig med familiетradisjonar i julehøgtida, men like nødvendig å bruka tid og etablera gode tradisjonar i lag med andre som står meg nær. Julaftan i Time kyrkja klokka 17.00 har blitt ein tradisjon både for Signe Irene, meg og familiane våre.

Ane Søyland i samtal med Else-Marie Bue

**I en natt**

*I en natt så klar og kald,  
av en ung og tapper mor,  
i en krybbe, i en stall,  
fødtes håpet til vår jord.  
Så umerkelig – så stille,  
byens gater helt forlatt.  
Ingen opptog for den lille,  
lyset kom en vinternatt.*

*Gjeterne satt rundt sin grue,  
skremtes opp av lys og lyd.  
Himlen stod i veldig lue,  
engler sang om fred med fryd.  
Ikke frykt – vær ikke redde,  
Gud er kommet til vår jord.  
Nå i natt var det det skjedde,  
gå til barnet og hans mor !*

*I det stille til de små,  
bringer Jesus håp og fred.  
Og han kommer da som nå,  
fra sin himmel til oss ned.  
Julenatt med lys og glede,  
minner oss om Gud som kom.  
Evig er han her til stede,  
nå står grav og krybbe tom.*

Tekst og melodi: Bjørn Eidsvåg

**Gi til NMS – få skattefradrag!**

**Det Norske Misjonsselskap**  
BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • [www.nms.no](http://www.nms.no)

**Vil du gi en gave til Normisjon?**

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)

# LIKE TIL BETLEHEM



Helene Mjølsnes, Tor Bjarte Aase og Sunniva Mjølsnes gler seg til musikalen. Foto KAA

Like til Betlehem er ein barne- og ungdomsmusikal, skriven av Asbjørn Arntsen og framført første gong i 1985. Det er ei musical forteljing som spenner over temaet i Luk.1.5 – 2.21. I musicalen vert det fortalt og sunge om barnet i Betlehem; dei unge, glade og redde foreldra; landsbyfolka som dansar og syng; gjetarane som leiter og finn; vismennene som legg ut på si lange reise og Herodes som prøver å setja ein stoppar for gleda og frelsa!

Dette er ein musical som både born, unge og eldre kan gå saman om å setja opp, og det har vorte gjort i kyrkjer og forsamlingshus rundt i det ganske land. Musicalen har og vore sendt i NRK-TV.

14. og 15. desember skal det skje i Brynekyrkja (sjå annonse).



Ingunn Marie Aase i arbeid med kostymer til musicalen

I tre forestillingar, to på laurdag og ein på søndag, skal over 120 personar, frå IMF brass, Kor Bra frå Misjonskyrkja, Bryne Soul Children frå Frikyrkja, Jærklang + songsolistar, dansarar og musikarar ta oss med tilbake til Betlehem! Ragnhild Thu Austnaberg skal ha solistrolla som Maria. Harald Norheim som Josef. Unge brynebuar som no er under utdanning. Svært så talentfulle, både to!

**Det er lenge sidan ein har satsa så mykje på eit arrangement i Brynekyrkja – i eit samarbeid mellom fleire kristne kyrkjesamfunn på Bryne**

Målet er å fylla Brynekyrkja to gonger på laurdag og ein gong på søndag, så her gjeld det om å vera tidleg ute for å få tak i billett! Alle aktorane jobbar gratis, og eit eventuelt overskot skal gå til Idas Hjelpefond.

AV

**Helgedagen hadde hug å vita litt meir om bakgrunnen til oppsettinga av Like til Betlehem og tok derfor ein prat med Ingunn Marie Aase, ein av initiativtakarane til storhendinga:**

Kva fekk deg på tanken om ei oppsetting av musicalen her på Bryne?

For tre år sidan var eg og familien inviterte til Lyngdal Kirke der musicalen av Asbjørn Arntsen skulle framførast. Det var ei utruleg flott oppleveling, ikkje minst for ungane våre. I etterkant lurte dei på om ein ikkje burde gjera dette

på Bryne. Idéen var sådd, og då eg i samtale med Oddny Underhaug fekk vita at òg ho gjekk og sysla med slike idéar, vart me einige om at det vil me!

## Når byrja ein arbeidet?

Prosesen vart sett i gang for to år sidan, og den 21. mars 2012 hadde me det første styremøtet. Av ulike årsaker vart me fort einige om å venta til jula 2013. Det har vist seg å vera lurt – for jammen er det mange bitar som skal på plass i eit prosjekt som dette!

## Korleis har arbeidet vore?

Kjekt, men og slitsamt. Ein vert kjent med nye folk og får oppleva glede over å kunna få til noko på tvers av organisasjonar og kyrkjelydar. Folk har stilt opp, brukt av si tid, og ein vert audmjuk av å sjå den entusiasmen mange legg for dagen. Det meste vert gjort på dugnad! Sjølv sagt

er dette og krevjande. Det er mange brikker som skal på plass, før me er i mål! Her er mykje som skal tenkast på og planleggjast når over 120 aktørar skal i aksjon! Me har med oss «proffe» folk på lys, lyd og scene, så det er i trygge hender!

## Kva er målet med å setja opp Like til Betlehem i Brynekyrkja?

Målet vårt med å framføra Like til Betlehem er å «senka» julepulsen. Musicalen er eit vakkert verk av Asbjørn Arntsen som passar for alle, store som små. Eit stykke der juleevangeliet vert fortalt gjennom song og drama. Vårt ønskje er at musicalen skal vera med å spreia glede i byen vår! Så mi oppfordring vert: kom og opplev Betlehems-markene og stallen i Brynekyrkja!

AV



Ragnhild Thu Austnaberg

**Dei to hovudrollane - Maria og Josef - i oppsettinga Like til Betlehem skal fyllast av to unge og talentfulle brynebuar:**

**Ragnhild Thu Austnaberg** – f.1987 har vaks opp på Bryne, men er for tida busett i Oslo. Ho er student ved bachelorstudiet i musikkpedagogikk ved Noregs Musikkhøgskole. Her har ho studert under Mona Julsrød, no under Svein Bjørkøy. Ragnhild Thu Austnaberg har ein lys sopranstemme som jobbar med eit allsidig repertoar. Ho har spesiell interesse for barokk- og samtidsmusikk. Har vore solist med blant anna Tønsberg Domkor, Romerike Oratoriekor, Musikkhøgskolens Kammerkor, Cantus Aeterna, Sandnes Klarinettkor og St.Rangvald Solistensemble, for å nemna noko. Ho er også vikarsongar for det norske Solistkor.



Harald Norheim

## Harald Norheim

– 25 år er og frå Bryne. Etter musikklinja ved Lundhaugen vidaregåande skole reiste han til Kristiansand. Der har han studert klassisk sang ved konservatoriet. Han har vore med i kora Ansgar Gospelkor og Sørgospel. Flytta seinare til Stord der han no fullfører ein Bachelor i Musikk og er med i Gospelkoret Voice of Joice i Haugesund. Dette koret opptrer med artistar som Hanne Krogh, Jan Eggum, Ole Edvard Antonsen.

Harald Norheim drøymer om å koma til England etter kvart og kanskje få ein rolle ved ein av London sine mange musicalscener!

# UNG ELDSJEL FRÅ BRYNE

**Idas hjelpefond (IHF)**



Godt med eit fang i barnehagen - Ida og Cinthia

**Idas  
hjelpefond (IHF)**  
Oppstarta i mars 2010 av  
studenten Ida Jaarvik Hetland  
frå Bryne. Ida har sidan den  
gong samla inn over ein  
million kroner til born i  
Guatemala

**Idas hjelpefond  
(IHF)**

Oppstarta i mars  
2010 av studenten  
Ida Jaarvik Hetland frå Bryne.  
Ida har sidan den gong samla inn over ein mil-  
lion kroner til born i Guatemala.  
Pengane er m. a. brukte til å betala opera-  
sjonar (hofte/ledd, open gane), skulestipend,  
matpakkar, medisinar, skolemateriell og barne-  
hage.

Mange her i distriktet kjenner nok til Ida frå før. Skular,  
barnehagar og mange andre har vore med og samla inn  
pengar til prosjektet hennar: Å hjelpe born i Guatemala. Ho  
har hatt god pressedekning, og i dagens mediesamfunn er  
det også lettare å få ut "bodskapen".

Helgedagen fekk møta Ida ein ettermiddag i oktober. Ei sær-  
blid og vennleg ung dame som nettopp har begynt i arbeid  
etter lang utdanning. Kva er det som gjer henne så spesiell?  
Varmen og engasjementet! At ho bryr seg der andre ikkje  
hadde våga å satsa som ho har gjort! Ho har brukt mykje tid  
og krefter til hjelpearbeid, i tillegg til å fullføra utdanninga si.

Korleis starta dette?

Ida fortel at ho alltid har vore glad i born, og då ho var på  
besøk hos ein studiekamerat i Guatemala i 2007, fekk ho  
sjå noko av kontrastane og nauda i landet. Ho bestemte seg  
for å reisa tilbake. Sjølv om det var urolege tider i landet i



Glade born i barnehagen Ninos del Mundo på den  
offisielle opningsdagen 12. juli 2013



Wendy var første barn i  
barnehagen  
Foto: Borghild Ree Strand



Jessica og Ida har møtt kvarandre  
omlag to gonger i året sidan dei  
først møttest i 2009



Nokre av borna med forskulelæraren Maria Magnolia utanfor barnehagen

2009, reiste ho likevel åleine dit. Ho ville gjera noko med all nauda. Gjer ditt beste, var alltid mor hennar sitt råd, og det har ho verkeleg gjort. Ida kjempar mot det urettferdige, og ho prøver konkret å visa korleis kvardagen er for born i Guatemala.

- Det er ekstremt motivterende når du ser at du faktisk kan gjera ein forskjell, sa Ida til magasinet Nærvarer sist vinter. Nærleik – utan mellomledd – er viktig for henne. Pengane går direkte til dei som treng det. Reisene sine til Guatemala betalar ho privat.

Det som starta i det små, med pengeinnsamling til operasjon for ei lita jente som heitte Jessica, har vakse. Idas hjelpefond, IHF, hjelper nå mange. 15 småborn, 3-4 år, får gå i barnehage. Dei får der fagleg og sosial kompetanse til lettare å fullføra grunnskulen. Fleire enn halvparten droppar nemleg ut av skulen før 5. klasse. Vegen vidare for mange av desse går ofte via barnegravitet til djup fattigdom. Om ettermiddagane kjem 30 - 40 born og får leksehjelp. Hjelpearane er då born som tidlegare sjølv har fått hjelp, og som slik lærer ansvar for andre.

Målet denne hausten er månadleg å kunna gje operasjon til eitt barn med hareskår/open gane. IHF samarbeider med ein lokal organisasjon om dette. Ein slik operasjon kostar ca. 3000 kr, og kan forandra heile livet for akkurat det barnet. Ho ser på det som svært viktig å vera lokalt forankra i hjelpearbeidet sitt.

Laurdag 21. desember kl 11 – 17 blir det kafé og utstilling av foto frå Guatemala i Bryne Mølle. Då satsar ho også på å selja småting frå landet.

Eventuelt overskot frå julemusikalen *Like til Betlehem* går til Idas hjelpefond.

Kvífor ikkje gje alternative gåver denne jula? Kanskje gávekort frå IHF?  
Les meir om denne eldsjela på [www.ihf.no](http://www.ihf.no).

Du kan også gje direkte på konto 3325.37.38397

Foto: Ida Jaarvik Hetland og Borghild Ree Strand

Tekst: LHH



Soskenborna Malin og Mina, begge 7  
år, hjelper Ida på Bryne! 666 kr kunne  
dei gje til IHF!

Foto: Privat



Vesle Magaly er eitt av borna som  
har fått hofteoperasjon – og som nå  
kan gå, takka vere IHF



Emmanuel elskar å gå i barnehagen  
- berre dei færraste får den sjansen

# Jul på M44



Eli Ulveseter, senterleiar på M44

**ein prat med Helgedagen ein føremiddag i siste veka av oktober.**

Nå er de klare for hektisk julehandel?

Ja, me førebur oss kvar dag. Midt i november blir det ei markering med tenning av lys, og seinare i månaden opnar me det nye fasadebygget mot Reevegen.

**Er julen blitt ein idyll der "alle" må kjøpa gåver?**

Eg oppfattar det ikkje slik. Det er gildt å gi til nokon ein set pris på, men det går og an å glede andre på anna vis.

Jula kan vera brutal for enkelte. Ikkje alle

**Den første julepynten og nye julevarer har i fleire veker vore utstilt i kjøpesentra på Jæren**

Eli Ulveseter er ganske fersk i jobben Ho overtok som dagleg leiar i august. Hittil har ho pendla frå Finnøy til Bryne. Nå røper ho at familien har kjøpt hus på Bryne og flytter til våren.



M44 - kjøpesenteret på Bryne har stor pågang av kundar inn mot jul

**– Folk likar å vera tidleg ute for å få tid til å kosa seg nærmere jul, seier senterleiar på M44, Eli Ulveseter. Ho hadde det travelt, men tok seg tid til**

**kan vera med på kjøpefesten?**

Det er rett. Me er mange i Noreg som er heldige. Og eg tenker på dei som ikkje har det slik. Det verste for mange er einsemda.

På M44 legg me vekt på at det skal vera sosiale møtestader. Det gjer meg glad når eg ser at mange kosar seg her.

**Korleis er julen for deg privat?**

Jula er tida for å vera lenge saman. Me samlar storfamilien. Det å vera saman og få tid til kvarandre er viktig. Dessutan er førjulstida fin. Eg likar å pynta juletree tidleg,

setja fram mandarinar og pepperkaker og prøver å få til gode stunder sjølv om kvardagen er travel. Ja, eg samlar på "lykkelommer", dvs, små, gode øyeblikk. Som til dømes å sitja ute og sjå på stjernene i lag med dotter mi. Det må gjerast der og då, når det er mørkt og klart.

Eli Ulveseter er ganske fersk i jobben Ho overtok som dagleg leiar i august. Hittil har ho pendla frå Finnøy til Bryne. Nå røper ho at familien har kjøpt hus på Bryne og flytter til våren.



Du likar både by og jobb?

Ja, eg trivst svært godt blant jærbuen og i jobben. Eg liker så godt den jærske veremåten. Den stemmer overeins med koss eg er sjølv. Som å seia ting som dei er. Eg ser verkeleg fram til å flytta til Bryne. Og jobben er interessant og utfordrande. Me er eit kjøpesenter i vekst som

heile tida må utviklast.

**Men skjer ikkje veksten på bekostning av Storgata?**

Nei, det blir for kortsiktig. Me må ha perspektivet til "Destinasjon Bryne". Storgata og M44 må få tid til å utvikla seg kvar på sin måte. Til gjensidig styrke. Me er i same båt. Bryne er allereie den beste plass å bu på heile Vestlandet, og utviklinga er kjempespennande!

RT

## Å jul med di gleda...eller?

*Adventstida er ei god tid. Eller rettare sagt burde vera ei god tid. Tida då me, liksom i barndommens glede, kan venta på det som skal koma. Men er det eit paradoks at jula, som kom med lys og håp nett fordi me ikkje er perfekte, er blitt ei tid der me dyrkar eiga lukke?*

Eg opplever i grunnen at jula "kjem oftare og oftare". Det har kanskje med alderen å gjera. Og at me får stadig fleire aktivitetar som skal plasserast før høgtida. Første søndag i advent er i år 1. desember, og då har det allereide vore julehandel i meir enn ein månad, og julemessia i kyrkja er gjennomført.

Det er ikkje uvanleg at eg møter folk som gir uttrykk for at jula er eit kav, er for overdådig og aktivitetsfiksert. Dei trekkjer eit lettelsens sukk når det heile er over. Og utan å vera gledesdrepår må ein kunna gjera seg visse refleksjinar om eigne prioriteringar. Dette både når det gjeld mat og drikke, gåver som kanskje kjem meir av plikt enn frå hjarta, og ikkje minst når det gjeld tid og støtte til dei som har det vanskeleg. Både her heime og globalt.

**„Dei som har det godt, får det betre. Dei som slit og har det vondt, kan oppleva julen som ei tung tid“**



Jula er ei god tid for mange av oss. Glede ved å gi gåver kan vera stor. Det å vera saman med familien, ha gode måltid i lag og setja pris på kvarandre, er høgdepunkt i året. Ingen tvil om at jula er ein "idyll". Men dessverre ikkje for alle. Jula forsterkar kjenslene. Dei som har det godt, får det betre. Dei som slit og har det vondt, kan oppleva julen som ei tung tid. Ikkje alle kan skriva julebrev med fine årsrapportar om kor vellukka dei er og kva dei har vore med på.

Dette kan vera situasjonen i vårt eige land, sjølv om ingen andre nasjonar materielt sett har det betre enn oss. Løfter me blikket globalt, frå vår grøne grein, er utfordringane ufattelege. Det er imponerande å høyra om eldsjeler som står fram med overtydning om å gjera ein forskjell. Vise nestekjærleik.

Jula handlar om at Jesus kom med lys i mørkret. Kan me gjera noko som lyser opp i andre sine liv?

RT

Lye-jenta Else Iren Byberg:

## Tror på Guds ledelse

Lye-jenta Else Iren Byberg (20) har vært på disippeltreningsskole i Kambodsja, og går i dag på bibelskole på Flekkerøya.

Hun brenner for at unge mennesker skal få ny innsikt i hva det vil si å være en etterfølger av Jesus.

UiO, som på engelsk heter Youth With A Mission, driver skoler, barnehager og kaféer og har flere sentre i Norge. Ett av disse er Skjærgårdshjemmet på Flekkerøya ved Kristiansand. Der studerer Else Iren Byberg.

### Bli kjent med Gud

Hun deltok først på en undervisningsdel ved skolen på 12 uker, der siktemålet var å bli bedre kjent med Gud, mennesker og seg selv.

Deretter var det en såkalt outreach, som strekker seg over tre måneder.

Der har deltagerne praksis i en annen kultur. Else Iren Byberg reiste sammen med seks andre jenter til Kambodsja, tre fra staben og 4 studenter. Hvert år reiser 300 norske ungdommer på outreach.

### Opplevde annen kultur

-Hva gjorde dere i dette landet?

-Vi underviste på en skole og arbeidet på et senter for tidligere prostituerte, vi besøkte slumområder og lærte gatebarn hvem Jesus er, sier hun.

Byberg bodde på en UiO-base i landet og jobbet tett med de lokale lederne..

-Vi evangeliserte, ba for syke og fikk oppleve nød og fattigdom på nært hold.

### Nært forhold til Gud

-Hva gjorde oppholdet i Kambodsja med deg?

-Jeg har vært med som leder i Fredagskvelden på Lye forsamlingshus, og der fikk jeg være med å gi noe videre til andre.



Else Iren Byberg

Men jeg følte at jeg ikke fikk så mye påfyll selv. Dette endret seg på UiO-skolen og under oppholdet i Kambodsja, sier hun.

-Der fikk jeg et mer nært forhold til Gud og fikk ta imot det Gud ville gi til meg. Ikke minst var det godt å ha tid alleine med Gud, såkalt power-time, sier hun.

### Mer personlig gudsforhold

-Det gikk opp for meg at et liv med Gud er mer enn det

**” - Der fikk jeg et mer nært forhold til Gud, og fikk ta imot det Gud ville gi til meg**

man har under gudstjenesten. Under oppholdet utviklet jeg et mer personlig forhold til Gud, sier hun. I Kambodsja kunne vi fortelle om Jesus til andre, spre Guds kjærlighet til de som har det vanskelig, og vise at Gud kan gjøre en forskjell i livet.

### Samtale om Gud mer naturlig

-Under oppholdet ble det mer naturlig å snakke om Gud til andre, sier hun.

Et av siktemålene med UiO-opplegget er å bli bedre kjent med Gud og gjøre ham kjent. UiO er jo nettopp en bevegelse av mennesker som ønsker å leve nær Gud og nær hverandre - midt i hverdagen.

Nå er Else Iren Byberg med i en av 12 staber på skolen. Hun er både miljøarbeider, veileder og med å drive arbeidet, samtidig som hun tar et bibelstudium. Hun har planer om å være i Kristiansand et par år til, og vil studere mer etter hvert.

-Vi har fått en fri vilje til å velge, men jeg tror Gud kan lede oss, sier Else Iren Byberg.

Les meir på [www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no).

DHF

**Vil du støtte Else Iren Byberg, enten som fast støttepartner eller med et engangsbeløp, kan du benytte kontonummer 8508.10.74742. Hun er også takknemlig for forbønn**

### FAKTA Ungdom i Oppdrag

**Ungdom i Oppdrag, UiO, er en internasjonal evangeliserings- og misjonsbevegelse. Bevegelsen er tverrkirkelig, og har virksomhet i 180 land**

**Ungdom i Oppdrag består av mennesker fra ulike kirkesamfunn, og er en ideell organisasjon, der ledere og medarbeidere selv er ansvarlige for sitt økonomiske underhold**

**Disippeltreningsskole (DTS) er grunnkurset i UiOs internasjonale universitet: University of the Nations (UofN)**

**Grunnleggeren er Loren Cunningham og hans kone Darlene**



Frå øvinga til julespelet: Jul på Lye

Foto: KAA

**14 skodespelarar i alderen 11 til 71 år. To barnekor med ungar i alderen 5 til 12 år. Nyskrive manuskript. Nyskrivne songar. Alt laga på Lye.**

Dette er ingrediensane når julespelet «Jul på Lye» blir sett opp i aulaen på Lye skule søndag 1. desember kl 16 og 2. desember kl 9. Etter forestillinga på søndagen blir det et opplegg i Lyeparken etterpå med Lye skulekorps.

Øvingane er godt i gang, og regissør og manusfattar Sigurd Idland gler seg veldig: «Dette er ei heilt ny føres-

telling, som aldri har blitt sett opp før,» seier han. «Mange entusiastiske folk er med, og det er utrolig kjekt!»

Førestillinga har mykje humor, og blandar det moderne med det tradisjonelle. Både gjeterar og vismenn er på plass, dei nærmast kranglar om å koma først til Betlehem. I stykket er gjeterane enkle og jordnære, men litt hissige, - medan vismennene er arrogante og overlegne. Heldigvis finn dei alle fram til stallen og Jesusbarnet, som det seiest i Ragnhild Hanssen sin nyskrivne song:

«Om du er smart eller dum – Om du er blind eller dum – Alle dei som vil kan finna Jesus.»

Samstundes går noko av handlinga føre seg i eit klasserom på Lye. Korleis dette heng saman, det må ein koma til Lye skule 1. søndag i advent for å få svaret på!

Sigurd Idland

## Jul på Lye - heilt nytt julespel



## Frå ungKyrkja til Uganda

Ester Alemayehu Hatle har "vakse opp" i Brynekyrkja og har dei siste åra vore fast i ungKyrkja. Dette skuleåret er ho student ved Hald internasjonale senter i Mandal.



Ester Alemayehu Hatle

Følg Ester si ferd til Kampala gjennom Strømme-stiftelsen sitt program ActNow.


2. oktober sette Ester og reisepartnar Annie seg på flyet på veg til Austafrika. I Uganda skal dei arbeide i barnehagen Miles2smiles gjennom Strømmestiftelsen sitt program, ActNow.

**Vi spurde Ester om kva kjensle ho hadde like før avreise:**

- Eg kjenner at eg kjem til å sakna alle heime, men eg gler meg til å gjera noko nytt og spennande.
- Eg gler meg til å bli kjent med ny ein kultur som er ukjent for



I ukedagene jobber jeg på dagsenteret, Miles2smiles. Senteret ble først startet for at enslige mødre skulle ha ett sted å ha barna mens de arbeidet på markedet. Å la barna være på markedet hele dagen er ikke gunstig når det gjelder barnas helse, vekst og utvikling. Nå rommer dagsenteret over 300 barn, fordelt på to sentre. Fra barna er tre/fire år starter de med engelskundervisning. På Miles2smiles forberedes barna til å starte skolegangen, samtidig som de får være sammen med andre barn. Det er fint å kunne være en del av et prosjekt som har stor betydning for de ulike familiene.



Jeg jobber i hovedstaden, Kampala, en hektisk by med enormt mange mennesker. Etter å ha vært her en måned, har jeg opplevd ulike deler av byen. Kontrastene her er enorme. Ikke langt fra slummen finnes høye glassbygninger og vestlige kjøpesentre. Jeg har vanskeligheter med å forstå hvordan noen kan bo i de mest praktfulle husa, mens medborgerne bor under et skur. Det får meg til å tenke på min levestandard hjemme i Norge. Her i Uganda stiller en den lignende norske levestanden tett på den primitive standarden til de fattigste. Forskjellene er tydeligere og mer visuelle.

## VELKOMMEN TIL SAMLIVSKURS

